Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-M09	20/96

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø - Modalen kommune

Forslag til vedtak:

1. Modalen formannskap vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.
3. Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

Saksopplysningar:

Gjeldande VA-planar for Modalen kommune er frå 1997 og er såleis av eldre dato. Det er behov for å revidere målsetjingar, oppdatere status for VA-systemet og planleggje naudsynte tiltak.

Det skal utarbeidast ein felles plan for områda vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planen skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar.

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan og skal vera i samsvar med gjeldande kommuneplan for Modalen, samt krav i sentralt og lokalt regelverk og føringar.

Hovudfokus for vassforsyninga er å legge til rette for gode og framtidsretta løysingar for å kunne levere nok og godt vatn til ei kvar tid til alle abonnentane, samt sløkkevatn ved brann.

Hovudfokus for avlaup og vassmiljø er å legge til rette for gode og framtidsretta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avlaupsvatn frå alle abonnentane. Vidare skal ein ha fokus på

arbeid etter vassforskrifta, der ein har mål om å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for planarbeidet. Arbeidsgruppa skal møtast jamleg i arbeidet, og skal leggje fram forslag til saker til rådmannen som tek det vidare til planutvalet (Formannskapet) og til politisk handsaming.

Arbeidsgruppa er samansett som følgjer:

- Teknisk sjef - Tone Selmer Skuggevik
- VA-konsulent i kommunen - Kjell Langeland
- Rådgjevar/sekretær Johan M. Hansen og Ingrid Vatne frå Norconsult for utarbeiding av planen.

Andre aktørar, til dømes kommunelege kallast inn når det er relevant. Norconsult er rådgjevar/sekretær for arbeidet og gir fagleg og administrativ bistand undervegs i prosessen.

Konklusjon

Rådmannen vil tilrå at formannskapet vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.

Formannskapet - 035/2020

FOR - behandling:

Ingrid Vatne frå Norconsult informerte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

1. Modalen formannskap vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.
3. Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

Vedlegg:

Planprogram vassmiljø